



Det sigrande laget frå Uskedalen med mannskap i rekkefylgje frå venstre mot høgre

Idag er Tinestafetten avvikla på Stord og sjetteklassingane frå Uskedalen var ikkje snauare enn at dei vann klårt over dei 15 konkurrentane, Sondre Klyve hadde startetappa og tok leiinga heilt frå start og den ga ikkje uskedalingane frå seg. I mål var den rundt 50 meter. Ein imponerende prestasjon!

Dette er et stort arrangement som friidrettsgruppa i Stord IL står bak og som plar å samla rundt 500 deltakarar frå heile Sunnhordlandområdet. Stafetten har 8 etappar som er 200 meter lange - det er med andre ord sprintarane som har eit fortrinn og Uskedal har her tydelegvis mange talentar.

Vi stilte også med lag frå sjuandeklassa men dei hadde ikkje 'dagen'.

Sjetteklasselaget stilte slik frå første til siste etappe: Sondre Klyve, Marius Hauso, Andrea Hjelmeland, Hanna Tvilde, Thea Taranger, Sander Simensen, Amalie H. Rød og Martin Arnesen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen